

# Russ

Dei som er russ, er ungdommar som feirar at dei snart er ferdige med vidaregåande skule. Feiringa startar i mai og varer fram til 17. mai.

Russen har på seg russeklede, som er drakter i ulike fargar. Fargen fortel noko om kva slags skule russen har gått på. Dei vanlegaste fargane er raud og blå, men nokre er også svarte eller grønne.

Mange barn likar russetida fordi russen deler ut russekort. På 17. mai prøver dei å samle så mange kort som mogleg.

Russen gjer også morosame oppgåver. Det blir kalla russeknutar. Når dei klarar ei oppgåve, får dei ein knute i lua.

Nokre russ har russebussar eller russebilar. Dei blir brukte til å køyre rundt saman med venner i russetida.



*Spørsmål til teksten:*

1. Når startar og sluttar russetida?

---

---

2. Kva fortel fargen på russekledda?

---

---

3. Kvifor likar mange barn russen?

---

---

---

4. Kva trur du er det beste med å vere russ?

---

---

---